

# «Raudt kurs - opus 5»

RADØY: Nesten 80 skulekorpsmusikantar har skrivne sitt eige verk. Søndag framførte dei «Raudt kurs - opus 5» i Radøyhallen.

ARTHUR KLEIVELAND  
arthur@nordhordland.no

Sjølvs om «Raudt kurs - opus 5» ikkje går inn i den nasjonale korpslitteraturen, vart det så absolutt skapt historie på Manger i veka som gjekk. Det var ein presentasjon i seg sjølv å skriva dette verket i løpet av nokre få sommardagar.

## Mykje jobbing

Under avslutningskonserten på korpsleiren framførte musikantane verket sitt for eit stort publikum i Radøyhallen.

– Det var enkelte gonger vi ikkje var heilt sikre på at vi skulle bli ferdige med komposisjonen vår. Det var mykje sveitte og slit. Men det har vore veldig gøy å vera med på dette prosjektet. Og vi er jo litt stolte over å ha framført verket vårt for så mange tilhøyrarar, seier Marie Fuglestad Tungesvik (Krohnengen Skoles Musikkorps), Cecilie Maria Eikås frå Søreide og Sandsli, og Aksel Øvreås Røed frå Varden Skoles Musikkorps.

## Sommarens vakreste

Dei var tre av rundt 80 musikantane i 10-12 års alderen som deltok på det som i korpskretsen blir omtalt som «sommarens vakreste eventyr». Med speglede, fellesskap og innholdsrike dagar.

Deltakarane på «Raudt kurs» har hatt spesiell fokus på komposisjon, der musikantane saman skal laga sitt eige verk i løpet av kurset. Dei jobba to timar kvar dag med dette prosjektet, og fekk hjelp av instruktørane til å sy det saman til ein komposisjon.

## Raudt kurs - opus 5

Ettersom det er femte året med komposisjon på sommarkurset, fekk verket det klingande namnet «Raudt kurs - opus 5». På Manger vart det også avvikla eit instruktørkurs, og deltakarane her fekk prøva seg både med taktstokk og instrument.

På avslutningskonserten i Radøyhallen fekk brass- og janitsjarkorpsset visa det dei har jobba



**SLO SEG LAUS:** Deltakarar på sommarkurset på Manger. Her er tubaistane Ørjan Skårnes (fremst) frå Lindås Skulekorps, Håkon B. Breistein frå Krohnengen Skoles Musikkorps, Petter S. Kolaas frå Søreide og Sandsli Skulekorps og Katinka Prestmo Valestrand frå Nordbygda og Dalsøyra skulekorps.

med på sommarkurset. Ikkje rart styreleiar Erik Helland i NMF Hordaland var stolt.

## Stolt styreleiar

– Det er fantastisk å oppleva så unge musikantar framføra så flott musikk. Det blir jobba svært godt rundt om i skulekorpsa våre, noko vi og ser tydeleg når vi gjer reint bord i NM og andre konkurransar, seier han.

## Sove lite - spelt mykje

Med eit glimt i auga sa Helland at det er eit godt teikn når dei unge kjem ein smule trøyt.

– Då har dei sove lite og spelt mykje, sa Helland. Han framheva fellesskapet som er på sommarleiren.

– Etter den tragiske hendinga nyleg er korpsrørsla sine verdiar – med fellesskap i fokus – ikkje blitt mindre viktig, sa styreleiar i korpskretsen.

## TUSENVIS PÅ KURS

\* Norges Musikkorps Forbund arrangerer sommarkurs for fleire tusen barn og unge.

\* På Manger samla NMF Hordaland rundt 80 musikantar til Raudt kurs (10-12 år), og instruktørkurs.

\* Gult kurs for musikantar i 8-10 års alderen samla 30 deltakarar på Åsane folkehøgskole



**KORNETTGRUPPA:** Erlend Aagaard-Nilsen dirigerer. (Foto: Randi Kvinge, NMF)

# Utstilling om «min første skuledag»

RADØY: No kan du friska opp att minna frå din første skuledag. Søndag opnar utstillinga «Min første skuledag» på Utvandringsenteret på Sletta.

ARTHUR KLEIVELAND  
arthur@nordhordland.no

Inn i det ukjende med ny ransel og nye klede. Mange nye fjes og framtidige vener, dei du vil hugsa for resten av livet. Det er den første skuledagen.

– Vi inviterer alle til å ta med bilete frå

sin første skuledag når dei kjem til utstillinga, seier prosjektleiarane Åshild S.F. Thorsen og Mariela Norheim ved Museumssenteret i Hordaland.

Utstillinga opnar søndag 14. august (12.00) i det vesle skulehuset ved Vestnorsk Utvandringsenter.

Digitale forteljingar ved Museumssenteret i Hordaland jobbar med å få fram ulike samtidstema ved hjelp av enkle digitale midlar.

– På denne måten kan vi sjå kva endringar og likskapar som er gjeldande for vår tid, seier Thorsen og Norheim.

Forteljingane er innsamla både frå

enkeltpersonar og frå workshops som Digitale forteljingar har arrangert. I skulehuset på Sletta kan publikum få sjå forteljingar og bilete henta frå fleire ulike land og generasjonar.

Utstillinga «Min første skuledag» tek utgangspunkt i ein felles kvardagssituasjon – det å vera ny i skulen.

## Tenkja tilbake

Prosjektleiarane ønskjer å gje publikum høve til å tenkja tilbake til korleis dei opplevde det å vera ny i skulen.

– Foremålet for Digitale forteljingar er nettopp det å kunne ta med publikum i

dokumenteringa av samtida – fordi vi er opptekne av å få inn eit variert og mangfaldig spekter av kulturhistorie på demokratisk vis, seier kulturvart Mariela Norheim.

## På flyttefot

Utvandringsenteret er glad for å få utstillinga hit.

– Vi arbeider med migrasjon, og å oppleva å vera ny på ein stad eller i ein bestemt situasjon er jo nettopp eit viktig kjenne-teikn ved det å vera på flyttefot, seier Ida Dyrkorn Heierland, avdelingsleiar ved Vestnorsk utvandringsenter.